

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 20.2.2018 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Anders Strand (for Christine Hamm), Synne Ytre Arne, Gyri Losnegaard (for Sunniva P. Johansen). Frå forskingsadministrasjonen: Håvard Peersen.

Fråfall: Henning Laugerud og Gunnstein Akselberg

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

I. Godkjenning av innkalling

Det var semje om følgjande endringar på saklista:

- Sak 3 og 4 vart endra frå vedtakssaker til diskusjonssaker.
- Sak 3 vart flytta til sist på saklista.

II. Framlegging av referat frå møtet 21.11.2017

Det var ingen kommentarar til referatet.

1. Forskningsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak

Det var ingen spørsmål eller kommentarar til framlegg til forskningsmelding for 2017.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskningsmelding for 2017.

2. Forskarutdanningsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak

Det var ingen spørsmål eller kommentarar til framlegg til forskarutdanningsmelding for 2017.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2017.

3. Handlingsplan for forsking ved LLE – diskusjonssak

Det var semje om å sende utkastet til handlingsplan tilbake til arbeidsgruppa. Det vart serleg **framheva** at arbeidsgruppa bør legge fram konkrete framlegg til korleis forskargruppene skal organiserast, med tanke på krav til aktivitet, kva tilbod dei skal gje stipendiatane og finansiering.

4. Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – diskusjonssak

Saka vart drøfta, og det kom fleire innspel til punkt som må vidareutviklast i handlingsplanen. Det vart også peikt på at det nye forskarutdanningsprogrammet som er under utarbeidning ved fakultet (sjå informasjon om det nye programmet under punkt I i sak 7) vil gje nye føringar for instituttet si oppfølging av forskarutdanninga. Med bakgrunn i dette var det semje om å venta med ferdigstilling av handlingsplanen for forskarutdanning.

5. Forskargruppene, samlingane og forskarskulane sine årsrapportar 2017 – vedtakssak

Årsrapportar for LLE sine forskargrupper, samlingar og forskarskulular følgde med som vedlegg. Det vart peika på at det mangla rapport frå 1700-talsgruppa, og forskings-administrasjonen vart beden om få denne rapporten på plass. Elles så mangla rapport frå Forskarskulen i språkvitskap og filologi i dokumentet, men den er no lagt inn. Oppdatert dokument ligg tilgjengeleg på FFU si nettside saman med sakspapira for møtet.

Vedtak:

FFU tek årsrapportane til orientering.

6. Rettleiarforum vår 2018 – diskusjonssak

Saka vart drøfta, og FFU støttar opp om at det vert skipa til møte i Rettleiarforum i vår. Det vart peikt på at det kan vera utfordrande å få rettleiarane til å møta opp på eit slikt arrangement, og at ein må møta denne utfordringa med å laga eit attraktivt program heller enn å krevja obligatorisk oppmøte. I utkastet til handlingsplan for forskarutdanning finst fleire tema som kan vera aktuelle å ta opp i Rettleiarforum.

7. Orienteringssaker

Det var orientert om følgjande saker:

- a) Tilsetting av stipendiatar og utlysing av stipendiatstillingar**
- b) Frihumsam 2018**
- c) Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane**
Orientering v/Erik Bjerck-Hagen
- d) Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar**
- e) Orientering om arbeidet i mellomalderklynga**
- f) Forskningsrådet: revisjon av langtidsplan for forskning.**
- g) Nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer.**

- h) SPIRE-midler 2018 (6 søknader).**
- i) Peder Sather-midler for 2018-2019**
- j) Prosjektableringsstøtte (PES) og Posisjoneringsmidler (POS) for Horisont 2020 – nye prosedyrer ved UiB.**
- k) Forskningsdagene 2018 (19. – 30. september)**
- l) Etablering av eige ph.d.-program ved Det humanistiske fakultet**

8. Ymse

- Informasjon om oppfølging av HUMEVAL**

(Instituttet fekk informasjon om denne saka etter at sakspapira var sendt til FFU.)

Som oppfølging av humanioraevalueringa har NFR stilt 8,6 millionar kroner til rådvelde for fakultetet, som skal fordelast blant fagmiljø og forskargrupper som oppnådde gode resultat i evalueringa. Fire støtteverdige forskrarar, ein frå kvart av fire panel med stort innslag av publikasjonar på nivå 2, får støtte til «forskingssabbat» med inntil 350 000 kroner. LLE er representert i tre av desse panela (kunsthistorie, klassiske fag og digital kultur). 7,2 millionar kroner skal fordelast blant (eit utval av) forskargruppene ved fakultetet som oppnådde karakteren 4 eller betre i evalueringa. Her er LLE representert ved LaMoRe.